

VEDLEGG 4

OVERENSKOMST.

1. Inntaksarrangementet for Kollstad Vassverk A/L må godkjennes av fiskerimyndighetene. Hvis fiskerimyndighetene krever det, må nåværende dam rives så snart forholdene tillater det.
2. De grunneiere som har sin vannforsyning nedenfor vassverkets inntaksdam skal prioriteres slik at disses vassforsyning ikke blir dårligere enn den ville ha vært om vassverket ikke eksisterte.
3. Partene er enige om at Mellsenn - om mulig - skal reguleres opp 20 cm regnet fra normal sommervannstand. Det bygges en terskel som godkjennes av fiskerimyndighetene. Mellsenn tappes bare når det er behov for det av hensyn til vassforsyningen.
4. Partene er enige om at Kollstad Vassverk søker gjennomført en nødvendig regulering (senkning) av Mellsenn for vinteren 1972/1973 for å sikre vassforsyningen for vassverket og de nedenforliggende som har sin vassforsyning i Ygna.
5. Kollstad Vassverk A/L krever ikke båndlegging av nedslagsfeltet.
6. De fiskeberettigede parter kan utøve fiske i vassdraget som tidligere.
7. Knut Ås m.fl. frafaller sin begjæring om midlertidig forføyning.
8. Ved nærværende overenskomst ansees ethvert tvistepunkt mellom partene vedrørende Kollstad Vassverk A/L som opp- og avgjort.
9. Kollstad Vassverk A/L betaler utgifter til juridisk bistand for adv. Sveens parter med et beløp oppad begrenset til kr. 2.500.-.

Fagernes, den 7. november 1972.

Rett avskrift:

Arne Juel Fosse
adv.

Gunnar Eikren, med forbehold
Knut Høgden med færd penn.
Torvall K. Tvenge
Halvor Hoviosen
Knut Ås
Øivind Evensen m/forbehold

Andris Helle
Odd Kolstad
Kolbein Skaare
Ingar Fjellvang
Ole Brenden v/K. Liekren
Knut Liekren
Nils Kolstad

V E D T E K T E R

FOR

KOLLSTAD VASSVERK A/L.

LANDBRUKSDEPT.
TILSKOTT OG KREDITTER
- 3 MAI 1974

§ 1 Selskapsform.

Kollstad vassverk A/L er eit andelslag med vekslande medlemstal og kapital og med begrensa ansvar.

Rekneskapsåret skal fylgje kalenderåret.

§ 2 Formål.

Laget har som formål - med Ygna som kjelde - å skaffe vatn til husbruk og i branntilfelle og elles til anna bruk så langt det er forsvarleg når ein tek omsyn til kapasiteten åt vassverket.

Alle som bur innafor vassverket sitt naturlege forsyningsområde, har rett til å bli tatt opp i laget på dei same vilkåra som dei som var med frå starten.

§ 3 Rettar og plikter for medlemene.

Hovudvassledningen blir lagt av vassverket frå inntaket i Ygna og ned til riksvegen ved Synnev Hovis forretning.

Det er føresetnaden at anlegg av stikkledningar skal skje ved samarbeid mellom dei interesserte i slike ledningar.

Den som eig eller brukar eigedom innafor det naturlege forsyningsområdet åt vassverket, kan bli medlem av laget mot å teikna andeler på dei vilkår som då gjeld.

Andelene skal fylgje eigedomane og kan ikkje seljast frå desse.

Den som er medlem, kan ikkje frå sine ledningar skaffe vatn til andre enn leigebuarar.

§ 4 Andeler.

Andelskapitalen er delt på andeler á kr. 3 000.--.

Kvar vanleg abonnent betalar for ein andel.

Med større vassforbrukarar (bedrifter og forretningar) skal det gjerast avtale om andeler i kvart einskilt tilfelle.

Andelene må vera betalt innan 1. juli 1972 til vassverkets konto i Øystre Slidre sparebank.

Øystre Slidre kommune kan teikna andeler for sal til framtidige abonnentar.

Etter 1. januar 1973 blir prisen på andeler ved sal fastsett av styret.

LANDBRUKSDEPT.
TILSKOTT- OG VEKSTTATE.

- 3 MAI 1974

§ 5. Vassavgift.

Til dekning av driftsutgifter, til vedlikehald og renter og til avbetaling på lån skal det liknast ut ei årleg vassavgift på abonnentane.

Vassavgifta skal fastsetjast av årsmötet etter framlegg frå styre og skal betalast forskotsvis for heile året. Dersom ikkje avgifta blir betalt ein månad etter forfall, har vassverket rett til å stenge vatnet.

Vassavgifta skal godkjennast av Landbruksdepartementet og må ikkje settast lågare enn det som er föresetnaden for statstilskottet.

§ 6. Årsmöte.

1. Årsmöte skal haldast kvar år innan utgangen av januar.
2. Med minst 3 vekers varsel skal formannen i styret kalle inn til årsmöte ved brev til kvar andelseigar.
3. Årsmötet skal:
 - a) Velja styre,
 - b) velja to revisorar,
 - c) ta avgjerd om større arbeid vedkomande nyanlegg eller reparasjonar.
 - d) fastsetja avgifta for inneverande år,
 - e) ta opp til behandling alle saker som styret eller andelseigarane legg fram,
 - f) Ta avgjerd i vedtektsendringar,
 - g) gå gjennom årsmeldinga og rekneskapen.

§ 7 Styret.

Styret som skal ha 5 medlemmer med personlege varamenn, skal velja blant andelseigarane på det årlege årsmötet.

Formannen skal veljast kvart år for eitt år ved serskilt val.

Dei andre medlemene i styret blir valde for to år slik at to styremedlemmer går ut annakvart år. Det blir avgjort ved leddtrekn kven som förste gongen skal gå ut. Varamennene skal veljast på same måten.

Styret vel sjölve nestformann og kasserar.

Styret skal stå for den daglege og tekniske leiinga.

For at eit styrevedtak skal vera gyldig, krevst det at minst tre röystar for.

Styret förer mötebok.

LANDBRUKSDEPT.
TILSKOTT- OG VEDTÆKTER
- 3. MAI 1914

§ 8 Tvistar.

Tvistar mellom medlemmer og laget skal avgjerast med endeleg verknad ved voldgift. Partane nemner opp eitt medlem kvar til voldgiftsretten og sorenskrivaren nemner opp oppmannen.

§ 9 Vedtektsendringar.

Framlegg til endringar i vedtektene skal leggjast fram for årsmötet. Det krevst at minst to tredjepartar av dei mötande andelseigarane röystar for endringsframlegget dersom dette skal vera gyldig. Endring av vedtektene må ikkje gjerast utan samtykke av Landbruksdepartementet.

§ 10. Vilkår for statstilskott.

Landbruksdepartementet har rett til å setja i verk kontroll for å sjå etter at vilkåra som er sette for statstilskottet blir fylgd.

§ 11. Stemmeregler.

Ved val skal kvar andelseigar ha ei stemme. Stemmereglerne skal vere offentlege. Den som skiljer seg frå dei offentlege reglane, skal bli utestengt.

se Følge